



Årsplan
2016-2017
Spesiell del



Innleiing:

Denne planen er ein del av Gjerdane barnehage sin årsplan frå 2014-2017. Årsplanen vår er todelt; ein generell del, med mykje info om barnehagen og måten vi jobbar på, og ein spesiell del, som inneheld meir konkrete planar for dette barnehageåret og den barnegruppa vi har no.

Begge delane kan ein finne på nettsida vår, gjerdane.barnehageside.no, eller få den utdelt i papirform frå barnehagen.

I barnegruppa har vi i år 48 barn i alderen 1-6 år, fordelt på dei tre avdelingane Gullfisken, Marihøna og Sommarfuglen.

Dette barnehageåret har vi ei ekstra satsing på *fantasi og utforsking*. Dette er ein del av ei større og meir langsiktig satsing på språk. I denne satsinga vil vi saman med barna vere litt forskarar, og lære meir om ting vi ikkje kan så mykje om frå før, eller finne ut enda meir om noko vi kjenner litt til. Ved å tileigne seg meir informasjon om noko, får ein auka forståing og eit utvida ordforråd. Vi vil saman med barna vere nysgjerrige på omverda, og på denne måten skape interesserte og positivt nysgjerrige barn. I dette arbeidet skal vi ikkje berre vere faktabaserte. Her skal og fantasien inn. Vi ønskjer at barn og vaksne saman skal kunne fabulere og finne på ting saman. Målet er at barna skal bli interesserte og ha lyst til å tileigne seg kunnskapar og ferdigheiter. De kan lese meir om korleis avdelingane tenkjer å jobbe med dette under kvar avdeling sin del i årsplanen.

Dersom de som foreldre har ønskjer, innspel eller spørsmål til korleis vi jobbar her i barnehagen, set vi stor pris på at de gir tilbakemelding til oss i barnehagen.

Vil med dette ønskje alle eit godt og innhaldsrikt barnehageår!

Tove Hanebrekke Starheimsvik
Styrar

Kontaktinfo:

Gjerdane barnehage
Fossevegen 2
6770 Nordfjordeid
Tlf 95864013

gb@eid.kommune.no

Gullfisken	97128473
Sommarfuglen	97077313
Marihøna	97116735

Opningstider

Barnehagen er open frå 6.45 til 17.00 alle kvardagar. Barnehagen er stengd i påskeveka, julafta, romjula og nyttårsafta.

Planleggingsdagar dette året:

15. august
10. og 11. oktober
2. januar
26. mai



Barnehageplassar:

Samansetjing av barnegruppa vert gjort om våren ved opptak til nytt barnehageår. Vedtektene for opptak står i vedtektene for barnehagane i Eid kommune.

Oppseiing av barnehageplass må gjerast frå 1. eller 15. i kvar måned. Når barna skal over i skulen, må barnehageplassen seiast opp. Oppseiingstida er 1 måned.



Foreldreråd og Samarbeidsutval

Kva rolle og oppgåver foreldreråd og samarbeidsutval har, kan de lese om i den generelle delen av årsplanen.

Representantar i samarbeidsutvalet og verneombod dette barnehageåret er:

Foreldra:

- Leiar: Ann Kristin Endal
- Vara: Evi-Merete Hopland
- Nestleiar: Madeleine L. Løset
- Vara: Anja Sefland

Eid kommune:

Sekretær:

Verneombod:

Personale:

Marry-Ann Vambeseth
Vara: Marte Starheimsæter
Sissel Høynes
Vara: Torill Espelund
Stein Inge Torheim
Tove H. Starheimsvik
Elna Aaning Olsen

Organisering av kvardagen

Dagsrytmen i barnehagen er i grove trekk lik for alle avdelingane for å oppnå mest mogleg heilskap i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet. Det vil likevel vere litt variasjonar med omsyn til alder, barnegruppe og aktivitetar.

Hovedmåltidet har vi kl 11.30 på alle 3 avdelingane. Her dekker vi på bordet med variert utval av pålegg, og barna smører maten sin sjølv. Mange klarer det heilt åleine, medan andre må ha litt hjelp og støtte frå ein vaksen.

Rundt kl. 14 får barna fruktmåltid, og skive eller knekkebrød etter behov.

Frå 6.45 til 7.30 er det berre ei av avdelingane som er open. Foreldra er då ansvarlege for å levere barna på den avdelinga som er personale på. Vi samlast og på ei avdeling med dei barna som er igjen frå 16.30 til 17.00.

Kjernetida i barnehagen er frå 9.30-14.00. I denne tida har vi det meste av planlagde og frie aktivitetar. Det er viktig at de gir beskjed om barna kjem seinare enn 9.30, slik at vi kan styre aktivitetane utifrå det.

BARN OG TRAFIKK

Vi ser det som svært viktig at barna lærer seg gode haldningar og ferdigheiter når dei skal ferdast i trafikken. Dette gjeld når barnehagen er på turar, på barna sin veg til og frå barnehagen, og når dei ein dag er så store at dei skal ferdast aleine i trafikken. Når vi er på tur med barnehagen, har vi reglar for korleis vi skal opptre, og lærer om kva vi må passe oss for. I barnehagen har vi eit opplegg frå Trygg trafikk, der beltedyret Tarkus lærer oss om trafikk. Her går det på alt frå å bruke hjelm når vi sykklar, kva vi må tenke på når vi er fotgjengarar, til å bruke bilbelte i bil. Vi håpar de som foreldre og vil vere aktive i arbeidet med å trygge barna i trafikken, og gå føre som gode førebilete for barna. Huska at barna gjer ofte ikkje som vi seier, men som vi gjer. Vil med dette og oppmode alle om å slukke motoren ved henting og bringing, og å rygge inn og køyre ut når ein parkerer. Dette er tips frå Trygg trafikk som hjelper å sikre barna våre i trafikken.



GULLFISKEN



Barnegruppa:

Vi er 9 barn på Gullfisken i år; 3 jenter og 6 gutar.

5 barn født i 2015: Rasmus, Nikolai, Amalie, Kornelia og Angelica

4 barn født i 2014: Eivind, Henrik, Ådne og Syver

Personalgruppa:

Sissel Høyenes, pedagogisk leiar

Marry-Ann Vambeseth, assistent

Brit Moheim, assistent

Elna Aaning Olsen, fagarbeidar

Haldis Lindset Nesbakk, fagarbeidar



Tilknytning og trygghet i barnehagen

Når barna er i barnehagen er det viktig for oss at dei kjenner seg trygge, og kan knyte seg til dei vaksne på avdelinga. Leik og læring, og gode vennskap er lettare å få til når barna er trygge og finn ro i barnehagen.

På Gullfisken prøvar vi vaksne å vere mest muleg på golvet ilag med barna. Då er vi lett tilgjengelege for å gje oppmuntring til utforsking og leik, eller til å trøste om det er nødvendig. Vi kan lett ta del i leik, eller lese bøker ilag med barna, eller berre det å ha eit godt fang å sitte på/kvile på ei stund.

Gode rutinar er også med på å gje trygghet i barnehagekvardagen. Vi brukar tid på å få på plass gode rutinar i dei ulike rutinesituasjonane i løpet av dagen. Det kan vere i situasjonar som av- og påkledning, handvask, do og pottetrening, måltid eller kviling.

«Fantasi og utforsking»

Dette er 3. året med språk som satsingsområdet. I år vil språkstimulering ha mykje fokus på fantasering og utforsking. Vi legg vekt på setje ord på det vi ser, og det vi gjer på. Lære nye ord og uttrykk ved å gjere og oppleve noko ilag med andre. Bamsen vår «Ole Brumm» vil også ta del i dette. Han blir med på turar, aktivitetar, samlingar og i leik. Han er til god hjelp når vi fortel frå det vi har vore med på, eller når vi skal planlegge det vi skal.

Vi har valt oss nokre tema vi vil bruke til utforsking og fantasering dette året:

- Musikk - musikk instrument



- Maling - bruke forskjellige måtar å male på
- Vatn - leik med vatn på ulike måtar og med vatn i ulike former
- Fantasibil/buss - vi lagar oss ein bil og reiser på fantasiturar
- Sirkus - er tema for karnevalet i februar



Andre tema gjennom året er:

Årstidene, Barn hjelper barn (FN-dagen - basar), brannvern, trafikktryggleik og høgtidene.



SOMMARFUGLEN

Barnegruppa:

Rødkløverane (2011): Elias, Linus, Ole-Jakob, Osman, Ragna og Zarha

Blåklokkene (2012): Ari, Sinan, Oddmund, Amalie, Jonas og Zeid

Solsikkene (2013): Jenny, Jonas Oliver, Sebastian, Iselin, Karolina, Thea, Synne og Willow



Personale som skal vere saman med barna på Sommarfuglen er :

Laila Dahlgren, pedagogisk leder
 Marte Starheimsæter, barnehagelærer
 Doris Stave Kolset, fagarbeider
 Mette Navelsaker Hjelle, fagarbeider
 Marry-Ann Vambeseth, assistent
 Jane Stien, assistent

Christine Tellevik, assistent



Fantasi og Utforsking

Barnehagen skal også dette barnehageåret ha fokus på språk- og språkstimulerande aktivitetar, med hovudfokus på «Fantasi og Utforsking».

Vi vil prøve på å få til aktivitetar der vi skal:

- Vere nysgjerrige, interesserte og finne ut meir om ting ein veit lite om, eller vil vite meir om.
- Bruke sansane våre i utforsking.
- På fantasireiser, t.d. til verdensrommet.
- Skru og mekke.
- Utforske musikkinstrument.
- Ha rollespel og ha fellessamlingar der vi kan vise fram for kvarandre.
- Utforske vatn i ulike former.



Elles gjennom året vil vi følgje årstidene, og sjå og oppleve dei endringane som skjer rundt oss.

Haust. September, Oktober og November kjem vi til å ha fokus på dette:

- Sjå etter endringar som skjer ute i barnehagen og når vi går på tur
- Basar - Barn i andre land. Lage gevinstar til basaren.
- Brannvern
- Mørketid - Refleksbruk-Trafikktryggleik.

Vinter. Desember, Januar og Februar

- Juleførebuingar. Lage litt julegåver/pynt, synge julesongar, julebakst, lucia, nissefest, og julefortellingar.
- Studere snø og is. Ha eksperiment med snøen.
- Konstruksjonsleik med snø og is.
- Karneval. Lage oss enkle kostymer med tema Sirkus.



Vår. Mars, April og Mai

- Sjå etter endringar som skjer rundt oss ute i barnehagen, og når vi er på tur.
- Lære namn på nokre av blomstrane og fuglane vi ser når vi er ute. Lukte på blomstrar vi ser og lytte til lydar fuglane lagar.
- Påskeaktivitetar
- Lamming. Vi prøver å få til besøk til nokon som har sauer og lam i nærleiken av barnehagen.

Sommar. Juni, Juli og august

- Nyte sommaren, vere mykje ute
- Jonsokfeiring. Kle oss ut som brud og brudgom. Besøk på Sjukeheimen.
- Besøk av nye barn



Under dei ulike tema vi er innom og har fokus på kjem vi til å vere meir eller mindre innom alle dei ulike fagområda i Rammeplanen.

Vi skal gå turar og gjere barna kjende med kva vi har i nærmiljøet rundt barnehagen vår (Golvsengane barnehage, sjukeheimen, Mehltunet, hestesenteret, Operahuset, Kyrkjeparken, Klatreparken, Sagaparken, barneskulen osv.)

Vi skal lære oss å bruke litt teikn til tale. Song og musikk er daglege aktivitetar. Fortelling og dramatisering av eventyra vil vi også prøve å få til.

Førskulegruppa

Vi skal i år jobbe med temaet «Fantasi og Utforsking,» i heile barnehagen. I tilknytning til dette, har vi i førskulegruppa tenkt å jobbe med «Verdensrommet,» fram til nyttår. Vi kjem til å jobbe mykje ilag med førskulegruppa på Marihøna, og saman skal vi lage vårt eige verdensrom, der barna får bruke fantasien sin til å skape noko eige. Dette kjem vi til å starte med i byrjinga av oktober. Fram til den tid, vil vi i Sommarfuglgruppa bruke tid på å bli kjende med kvarandre, og forventningane vi har til førskulegruppa. Vi skal også gjere litt enkle, uformelle oppgåver, der vi får testa litt blyantgrep, lære å skrive namna våre, og få introdusert litt tal og bokstavar. Vi vil halde fram med uformelle, skuleførebuande aktivitetar utover i 2017, også. Gjennom heile året har vi fokus på å trene på å bli sjølvstendige, vente på tur og det å fungere godt i ei gruppe, med tanke på at barna snart skal over i skulen.



Marihøna;

Barnegruppa:

Rødkløverane (2011); Eivind, Emil, Sverre J, Liam, Sverre, Mohammad, Katrine og Severin.

Blåklokkene (2012); Jonas, Anna, Isak, Sara, Erika, Jenny, Øyvor, Ibrahim og Yossuf.

Solsikkene (2013); Harald og Oliver.

Personalgruppa vil dette året sjå slik ut;

Torill Espelund, Pedagogisk leiar

Marte Starheimsæter,
Barnehagelærer

Bodil Nygård, Assistent

Roger Nygård, Assistent

Jane Stien, Assistent

Christine Tellevik, Assistent

Sandra Ulleland; Assistent/arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning - student



Vi er no inne i det 3. året i ein temabolk om språk, der vi skal ha fokus på språkstimulering gjennom; **fantasi og utforsking**. Gjennom leik og aktivitetar skal vi ha fokus på å bruke språket på ein god måte i kommunikasjonen med kvarandre. Vi ynskjer også å utvide ordforrådet og auke språkforståinga i leik og kvardagsaktivitetar. I det høve blir det viktig å legge til rette for gode stunder med frileik og meningsfulle opplevingar, der barna får tid og rom til å bruke språket.

Før jul har vi valt å dele gruppa i to, der vi vil ha ulikt fokus i dei to gruppene. Etter jul vil vi ha same fokus i dei to gruppene.

September - november;

Rødkløverane-> Verdsrommet

Blåklukkene og solsikkene; lagar rørbane

Snikkering

Desember;

Advent og juleførebuing for alle gruppene. I adventstida kjem vi til å ha felles samling kvar dag, der vi trekkjer hjartekalendar, i tillegg til formidling av ulike julehistorier kvar dag.

Januar - mars;

- Vatn i ulike former
- Havet -> kva finst der?
- Sansane/vi lagar sansekasse.
- Eventyr

Andre tema som vi kjem til å jobbe med gjennom året;

- Barn hjelper barn/FN dagen og basar.
- Brannvern
- Trafikktryggleik
- Ulike årstidene
- Ulike høgtidene
- Karneval-> tema sirkus. Her lagar vi våre egne kostymer.

Førskulegruppa:

Vi har i år 8 førskulebarn på Marihøna, og det vil i år bli ei litt meir praktisk retta førskulegruppe, der Roger har ansvaret. Før jul skal dei jobbe med eit prosjekt som vi har kalla; *Jord, himmel og verdsrommet*. Målet for prosjektet er at barna skal undre seg over kva som finst der ute;

- Kvifor ser det ut som sola flyttar på seg?
- Kor kraftig lyser sola?
- Kvifor lyser månen?
- Kvifor ser vi månen om dagen?
- Blinkar stjernene?
- Kor mange stjerner finst det?
- Kvifor har stjernene namn?

Vi ynskjer også å lage;

- stjerneikkert,
- Eller teikne planetane i solsystemet vårt.



- Eventyr om verdsrommet
- Sjå på stjernebilete og lage egne stjernebilete
- Ta med prosjektet ut på tur.
- Vere astronautar.

Vi kjem også til å vere ilag med og samarbeide ein del med Sommarfuglane.

Etter jul skal vi jobbe meir med skuleførebuande aktivitetar som t.d;

- Bokstavar og tal
- Rim, regler, vitsar og gåter
- Klokka
- Arbeidsoppgåver; klippe, lime og teikne
- Sortering/kategorisering
- Besøk til skulane
- Fjellturar; Skårhaugsætra, Hjellesætra
- Sykkeldag

Overordna fokus; vente på tur, ta i mot beskjedar og følgje dei. Å kunne fungere godt sosialt i ei gruppe.

Skulane har egne innskrivingsdagar, og førskuledag for skulestartarane våre. På foreldresamtala om våren går vi igjennom ilag med foreldra om kva informasjon det kan vere nyttig å føre over til skulen.

AKTIVITETAR I LØPET AV BARNEHAGEÅRET

Her er ei liste over faste arrangement i barnehageåret:

- Rikskonsert/ andre forestillingar 20.9 og 28.10
- Barnehagekino
- Fotografering - gruppe- og portrettbilde 9.11
- Kafe/Basar i tilknytning til FN dagen. Innsamling til fadderbarnet vårt og FORUT. I år er det basar måndag 24.10 kl.15.00-16.30.
- Lucia-feiring - vi går Lucia opptog på Eid sjukeheim 13.12. Vi bakar Lussekattar til denne dagen.
- Adventstund i Eid kyrkje (barn som har fri kan vere med med følgje av ein vaksen.) På denne deltek berre Blåklokkene og Rødkløverane. Resten av barnehagen har fellessamling.
- Nissefest med julegraut 16.12. - Vi kler på oss nissehue, går rundt juletreet, et graut og kanskje kjem nissen????

- Barnehagen sin bursdag 24.januar. Vi feirar med foreldrekaffi frå kl. 14.30. Minikonsert ca. kl.15.15.
- Karneval fredag 24.2 - I år blir årets karneval inspirert av sirkus. Barna er med på å lage sitt eige kostyme.
- Show på hestesenteret -Kvart år brukar vi å bli inviterte på show på hestesenteret i regi av hestelinja ved Fjordane folkehøgskule. Dette opplegget er laga rundt ulike tema, og passar best for dei større barna. Vi har difor valt å ha med berre Rødkløverane dit.
- Vårfest - barnehagetog i Eidsgata med påfølgande feiring her i barnehagen. Dette vert ein av siste dagane før 17.mai.
- Jonsok feiring 23.6 - Vi plukkar blomster, kler ut jonsokbrurepar og går på besøk til Eid sjukeheim der vi deler ut små blomsterbukettar og syng og underheld dei som bur der. På jonsokfeiringa på sjukeheimen er det Blåkløkkene og Gullfiskane som deltek. Feiringa held fram i barnehagen med alle barna, og vi kosar oss med gele.
- Dugnad dersom behov.
- Sommarfest - dette er eit samarbeid mellom barnehagen og samarbeidsutvalet. Underholdningsinnslag frå barnehagen. Dei som skal slutte i barnehagen får ei lita overrasking. Kos og grilling etterpå. Nærare beskjed om dato vil kome frå avdelingane.
- Avslutningstur for 6 åringane - Dagstur

Det kjem alltid tilbod om ulike arrangement vi kan vere med på gjennom året, dei vert vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Det kan bli tatt ein liten eigenandel på enkelte aktivitetar. (t.d kino)

Gjerdane barnehage har valt å ikkje la nokon henge opp plakatar eller dele ut noko til barna om aktivitetar som er på fritida. Dette fordi det høyrer privatlivet til og at ein ikkje skal føle seg pressa til å delta. Dette gjeld og utlevering av bursdagsinvitasjonar.

